

Referat frå møte i arbeidsgruppa for elevar og tilsette, 13. 11.25

Til stades:

Birthe Urke, Orla R. Kleven, Inger Lise Haddal, Norunn Velsvik, Hans Olav Vattøy, Linda Pedersen, Liz Enerhaug, Karen Strand, Hilde Aarsand Vik, Ole-Jacob Arnesen og Synnøve Haug.

Status frå skulane/kva som har skjedd sidan sist.

- Ulstein skule har vore på besøk i sentrum. Det skulle vere eit uhøgtideleg besøk, som var i samband med symjing på Arena. Besøket synest elevane var fint. Mange hadde lyst til å komme inn å sjå. 6. klasse var ikkje med. Jamt over positiv stemning frå elevane.
- Elevar har spelt inn ein del spørsmål dei ønskjer svar på inn til elevråd.
- Fellestid for personalet. Det er eit ønske at ein får oversikt over størrelsen på klassene til neste skuleår.
- Viktig at elevane på Ulsteinvik barneskule er informerte om at Ulstein skule kjem på besøk.
- Tillitsvalde kjenner at det er tidkrevjande å fylje opp all møteaktiviteten i prosjektet og at ein bør vurdere å ta ned omfanget.
- Det har vore møte i arbeidsgruppa for trafikktryggleik. Ser at det er ein samband mellom arbeidet i gruppene.
- Det skal vere møte i elevrådet på Ulstein i neste veke der representantar frå arbeidsgruppa for trafikk deltek.
- Møte med FAU Ulstein skule tysdag klokka 17:00.
- Elevrådet på Ulstein er opptekne av at dei vil vite kva klasse dei kjem i fortast mulig. Dei ønskjer at dei har ein elev dei kjenner i klassa. Dei ønskjer å vite kvar toalett er. Dei ønskjer å verte kjende med elevane på Ulsteinvik barneskule.
- Ulsteinvik barneskule har fått tildelt stillingsheimlar og arbeider ut i frå det.
- Ønskjer å lage ein plan for arbeid med det psykososiale miljøet.
- Mange spørsmål rundt kutt i stillingar
- Personalmøte UBS.

Kva tid får vi skjema, kva tid får vi informasjon, skjema for skifte av arbeidsplass, maksgrense for elevar i klasse. Vert det endringar i innhald, får vi fortsatt ha dei same tilboda som vi har no? Dei tilsette ser at dette får konsekvensar for UBS også.

- Kan det vere lurt at ein har ein spørsmål/svar funksjon?

- Felles møte for alle arbeidsgruppene nokre gongar i året.